



**LINDÅS KOMMUNE**  
Teknisk etat  
Byggesaksavdelinga  
5914 Isdalstø

Arkiv: 062/047  
Saksmappe: 02/01884-4  
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Bjørgvin VVS AS

Mindealle 25  
5068 BERGEN

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
283/02	<i>Deleget sak handsama av bygningssjefen</i>	<b>27.11.02</b>

## **Utsleppsløyve og rammeløyve for utføring av avløpsanlegg Trond Litleskare - Gnr.062 Bnr.047 - Tofting**

### **Dokument :**

Søknad om utsleppsløyve , motteken 26.09.2002.

Søknad om enkle tiltak, motteken 26.09 2002.

- leidningsplan i målestokk 1: 2000
- oppgave over prosjekteringsansvar
- søknad om ansvarsrett
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- framlegg til kontrollplan for prosjektering
- framlegg til kontrollplan for utføring
- kontrollerklæring for prosjektering

Løyve frå Bergen og Omland Havnevesen, datert 21.05.02

### **Saksutgreiing :**

Søknaden gjeld utsleppsløyve, primært for Trond Litleskare si hytte, utført som fellesanlegg for resten av hyttene i Toftingeset, pluss ein bustad.

Det er også søkt om løyve til utføring av anlegget, som enkelt tiltak etter plan- og bygningslova § 95 b. Det er så mykje uavklart i denne søknaden, at bygningssjefen ikkje godtek saka som enkelt tiltak. Etter synfaringar, skriftleg og munnleg kontakt mellom kommunen og partane i saka, har vi komme til at det kan gjevast utsleppsløyve – og rammeløyve, i denne omgang.

Den løysinga som er omtala i brev datert 27.09.02 frå kommunen til søker, framstår som totalt sett er den desidert beste: Langs vegen inn i hytteområdet går eit myrsøkk der det er naturleg å etablere eit kombinert anlegg med falleidning frå høgbrekk og ut mot nordvestenden av neset, for derifrå å pumpe kloakken tilbake i ein separat pumpeleidning i same traséen. Frå høgbrekket i myra renn så kloakken vidare i leidning til 62/043, rundt brufundamentet, nedanfor eksisterande bustader og vidare ut i sjø søraustom holmen og ned til utslepp på minst 20 meters djupne i Lurefjorden.

Dette sikrar at alt avløpet frå hytter og hus vert ført vekk frå området og ut i ein god resipient, samt at det verdifulle naturområdet i sundet under bruva vert spart for inngrep.

Frå tiltakshavar Trond Litleskare vert det poengtert at dei økonomiske og avtalemessige tilhøva med dette framlegget kan medføre at anlegget ikkje er realistisk på mange år. Han ønskjer difor å få lov til å pumpe avløpet frå nordvestre del av neset i sjøleidning gjennom Kastevågen og opp til kum ved bustadprosjektet til Magnar Bergås på 62/43. Derfrå kan det gå vidare i fellesanlegg rundt brukaret og ut som nemnt over.

## **Vurdering av miljøkonsekvensar:**

Området i Kastevågen vil med aukande hyttebygging erfaringmessig bli mykje brukt både til fiske, ankring og forankring, - med dei skader og ulemper dette lett kan medføre. Tilsyn og lekkasjekontroll på "hytteleidningar" kan også vere noko mangelfull. Etter kommunen si vurdering kan denne tekniske sjø-løysinga berre aksepterast som mellombels. Dersom den kan utløyse etableringa av resten av fellesanlegget, så er det likevel fornuftig å akseptera denne del-løysinga nokre år mens "myr-delen" av fellesanlegget blir bygd ut.

## **Vurdering/konklusjon:**

Kommunen sitt syn er at fellesanlegget gjennom myrsøkket må verta gjeldande hovudløysing for området, men at det kan gjevast mellombels løyve til å nyte pumpeleidning frå nordvestre del av Toftinganeset og inn/opp til 62/43. Dette mellombels løyvet bør avgrensast på det kapasitetsmessige til 15 PE, noko som t.d. medfører eitt hus og 8 hytter. Blir tilknytinga større må heile land-anlegget etablerast og nytt utsleppsløyve må etablerast og kunngjerast.

Begge anlegga bør planleggjast og kostnadsrekna no, for å kunna finansiera den fulle utbygginga med nye abonnementar. Elles må dei som koplar seg til mellombels anlegg, forplikta seg og eigedommen sin til å ta del i kostnaden med utbygging av det permanent anlegget.

Tiltakshavar Trond Litleskare vil stå som eigar av utsleppsløyvet og avløpsanlegget, inntil eventuell anna organisering av eigarskapet vert dokumentert. Eigar er ansvarleg overfor kommunen som forureiningsstyremakt.

## **Vedtak:**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 93, jf. § 95a gjev bygningssjefen rammeløyve for utføring av avløpsanlegg, og utsleppsløyve med heimel i *Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg, fastsett 12.04.2000* og *Lokal forskrift for bruk av separate avløpsanlegg i Lindås kommune* på følgjande vilkår :

1. Det vert gjeve utsleppsløyve for inntil 15 PE, med utsleppsleidning frå gnr. 62 bnr.43, rundt brufundamentet, nedanfor eksisterande bustader og vidare ut i sjø sør austom holmen og ned til utslepp på minst 20 meters djupne i Lurefjorden.
2. Det vert gjeve mellombels løyve til å leggja pumpeleidning i sjø frå nordvestre del av neset gjennom Kastevågen og opp til kum på gnr.62 bnr.43.
3. Det skal sendast inn nye planar som skissert ovanfor, både for mellombels og framtidig permanent anlegg, og ny kontrollerklæring for prosjektering.
4. Når søknad om tilkopling overstig 15 PE, vert det stilt krav om ny søknad om utsleppsløyve, og opparbeiding av det permanente anlegget med pumpeleidning på land.
5. Det skal sendast inn søknad om løyve etter PBL til kommunen for kvar eigedom som skal koplast til anlegget. Avløp frå hytter/hus skal gå via slamavskiljar før utslepp til sjø. Slamavskiljarar skal plasserast tilgjengeleg for vanleg tömming med slamsugarbil.

6. Avløpsanlegget skal definerast som fellesanlegg. Det vil seia at andre eigedommar i området skal kunna knyta seg til anlegget mot deltaking i kostnader. Det må leggjast til rettes for at slik tilknyting kan skje utan store hindringar og utan å måtta rasera hagar osv.
7. Det må dokumenterast loyve frå grunneigarar til å leggja leidning over andre eigedommar, og frå statens vegvesen ved arbeid nær brufundament.
8. I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før **pkt.3** ovanfor er oppfylt, og **igangsetjingsloyve** er gjeve.

Arbeidet må vera sett i gang seinast 3 år etter at loyvet er gitt, jf. Pbl. § 96, elles fell loyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.

**Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a )**

**BJØRGVIN VVS AS** vert lokalt godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningsområde: SØK/PRO/KPR.843.1, UTF/KUT.843.2

*Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)*

for bygningssjefen



Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

Kopi til:  
Trond Litleskare Løbergssvingen 9, 5055 BERGEN  
VAR-avdelinga  
Grunneigarar, etter vedlagt liste

## **GRUNNEIGARAR I TOFTINGANESET**

pr. 28.11.02

62/3 Svanhild Tofting, Tofting, 5912 SEIM

62/30 Kurt Skår, Granlien 9, 5104 Eidsvåg

62/31 Frode Svendsen, Hordagaten 14, 5056 BERGEN

62/32 Olaf Ingvald Skjelbred, Ole Irgens' Vei 57, 5019 Bergen

62/43 Magnar og Astri Bergås, Bergås, 5912 SEIM

62/46 Eddie Kalleklev, Bjerregårds g 1, 5006 Bergen

62/47 Trond Litleskare og Merete Knudsen, Løbergssvingen 9, 5055 Bergen

62/48 Arild Nedreaas og Lisbeth Larsen, Ospedalen 71,5300 KLEPPESTØ

62/49, Arvid Sjur Toppe, Morvikveien 20, 5122 Morvik

62/51 Svanhild Tofting

62/52 Svanhild Tofting

62/53 Svanhild Tofting

62/54 Stein Haugland, Garnesrenen 19, 5264 GARNES